



12.01.2017

Lindås Kommune  
V Arne Eikefet

### Trafikksituasjonen på FV 57 - Juvikstølen

Samarbeidsutvalet har handsama trafikksituasjonen i området Isdalbakken - Knarvik vgs – Knarvik ungdomsskule og er uroleg for tryggleiken til elevane om morgonen.

Både Knarvik vidaregåande - og Knarvik ungdomsskule startar kvar morgon kl 08.15. Alle elevane som skal til desse skulane kjem til skulane samtidig, noko som gjer at trafikkbiletet er kaotisk med fotgjengarar, bussar og bilar. Ungdommane går i «flokk» og det er kort intervall på lysreguleringa ved fotgjengarovergangen. Vi ser med uro på at elevane er ukritisk når dei går over vegen på fylkesvegen. Skulane arbeider med elevane sine haldningar til korleis dei er som aktørar i trafikken.

Samarbeidsutvalet ser for seg at det må vurderast kortsiktige og langsiktige løysingar. Dette gjeld både fylkesvegen og kommunevegen. Samarbeidsutvalet ber om at det vert vurdert løysingar som både er kortvarige og meir varige for desse utfordringane.

Eit kortsiktig tiltak kan vere at ein må auke intervall for grønt lys i tida elevane kjem om morgonen. Eit meir varig tiltak kan vera at ein byggjer undergang / overgang eller finn andre løysingar for å gå over vegen. Ein må og vurdere om ein skal endre av og påstigningsområde for bussane.

Samarbeidsutvalet ber kommunen koordinere tiltak med statens vegvesen, slik at ein kan lage gode varige løysingar.

Helsing

  
Olaf Hella

Rektor

  
Ann Kristin Legernes

Leiar samarbeidsutvalet

